

Saksprotokoll

Organ: Komité for samfunnsutvikling

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/9380-28

Internt l.nr. 3512/21

Sak: 2/21

Tittel: Saksprotokoll - Frivilligpolitisk plattform - endeleg handsaming

Handsaming:

Tore Feten(Sp) informerte om arbeidet som var gjort.

Endringsframlegg:

Forslag frå Tore Feten(Sp) om at punkt 3 får tillegget:
«, i prioritert rekkefølge»

Forslag frå Kristin Rundsveen Bøtun(Sp):

Tillegg på punkt 3. C: «, med fleire» og at underpunkt e vert flytta til b, underpunkt c står og underpunkt b vert flytta til underpunkt d.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kommunestyret vedtek frivilligpolitisk plattform slik den ligg føre i saka. Plattformen gjev rammer for samarbeidet med frivillig sektor.
2. Årleg og på bakgrunn av innspel frå lag og organisasjonar skal det utarbeidast eit framlegg til tiltaksplan for frivillig sektor. Tiltaksplanen skal handsamast som ein del av økonomiplanen, og med tiltak for komande budsjettår.
3. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp tiltaksplanen for perioden 2021 – 2023, og at økonomiske konsekvensar vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

Kommunestyret ber rådmannen leggje fram eigne saker om desse tiltaka, i prioritert rekkefølge:

- a. etablering av frivilligsentral i Balestrand
- b. utgreie ei ev. eige stønadsordning for kor og korps som kjøper dirigenteneste gjennom Sogn kulturskule



- c. sak om retningslinjer for lån og leige av kommunale lokale til lag, organisasjonar og eigenorganisert aktivitet. Saka skal særskilt vurdere om bruk av kommunale bygg til organisasjonsarbeid skal vera gratis, og omhandle særskilde vilkår for Sogndal kulturhus, Sognahallen med fleire
- d. etablering av ulike digitale plattformer retta mot frivillig sektor
- e. utgreie ev. tilbod om felles forsikringsordning for sjølveigde lagsdrivne hus

Når det gjeld punktet om opplæring i søknadsskriving, er dette lova gjennomført.